

## **NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 14/2019, 5. APRIL**

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [jr@hivolda.no](mailto:jr@hivolda.no). Send gjerne tips og kommentarar.

Arkiv med tidlegare nyhendebrev: <https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/nyhendebrev>

---

## **INTERNASJONAL STUDENKONFERANSE 10.-12. APRIL: ITS VOLDA**

Deltakarar frå fem europeiske land kjem til Volda når lærarstudentane set digitalisering i utdanning og framtidens klasserom på dagsorden under studentkonferansen It's Volda. 25 studentar og faglærarar frå Nord-Irland, Nederland, Sveits, Danmark og Finland kjem til Volda under konferansen.

<https://www.hivolda.no/laerarutdanninga/laerarstudentane-lagar-internasjonalt-konferanse>

## **FRIST FOR PENSUMLISTER: 15. MAI**

Som for dei siste åra er det 15. mai som er frist for å få på plass pensumlister for hausten 2019, og fagmiljøa må planlegge godt for å rekke fristen. Oversyn over kva emne som har fått ferdig sine pensumlister vil kome i april/mai.

## **NY CAMPUSUTVIKLINGSAVTALE MED STATSBYGG**

Høgskulen i Volda har teikna avtale med Statsbygg om ein ny campusutviklingsavtale. Etter avtalen skal den nye planen vere ferdig våren 2020. Den vil særleg handle om arbeidsmiljøet til studentar og tilsette, men også om høgskulen og nabo-institusjonane. Campusutviklingsplanen frå 2015 handla blant anna om behov for nytt hus for medieutdanningane og uteområdet på høgskulen. Den er å finne på denne nettsida: <https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/styringsdokument>

## **ISELIN NYBØ BESØKTE VOLDA 1. APRIL: STOR MEDIEDEKNING**

Statsråd for forskning og høgare utdanning Iselin Nybø besøkte Volda 1. april, og besøket vart godt dekt av ei rekkje media. Stortingsrepresentant Marianne Synnes og lokalpolitikarar deltok også på møtet. Det kom ikkje konkrete lovnader om løyving til medieteknisk utstyr til høgskulen frå politikarane.

1.4.2019: Nybø tok med seg gode råd frå Volda ([www.hivolda.no](http://www.hivolda.no))

<https://www.hivolda.no/laerarutdanninga/nybo-tok-med-seg-gode-rad-fra-volda>

1.4.2019: Lokkar unge til læreryrket (Sunnmørsposten)

<https://www.smp.no/nyheter/2019/04/01/Lokkar-unge-til-l%C3%A6raryrket-18776793.ece>

1.4.2019: Følgjer med i debatten om Volda (Sunnmørsposten)

<https://www.smp.no/nyheter/2019/04/01/F%C3%B8lgjer-med-i-debatten-om-Volda-18778114.ece>

1.4.2019: Oppmoda elevar om å velje lærarutdanning (Møre)

<https://mre.no/nyhende/oppmoda-elevar-om-a-velje-lararutdanning/19.6925>

1.4.2019: Lærarutdanning er både hjartet og hjerna (Møre-Nytt)

<https://www.morenytt.no/nyheiter/2019/04/01/L%C3%A6rarutdanninga-er-b%C3%A5de-for-hjartet-og-hjerna-18776643.ece>

1.4.2019: Internasjonal studentutveksling: Vi treng fleksibilitet (rektorbloggen)

<https://blogg.hivolda.no/jr/2019/04/01/internasjonalt-studentutveksling-vi-treng-fleksibilitet/>

## **FRANSKE UTVEKSLINGSSTUDENTAR LAGA MUSIKKVIDEO FOR LOKAL ARTIST**

To franske studentar på utveksling i Volda har laga musikkvideoen "Soulmates" der den lokale musikaren Stian Høyberg (Analog Monoxide) bidreg. Melani Choli bidreg med tekst og vokal. Dei to franske studentane heiter Mathilde Savey og Lea Romero og er studentar ved kunstskulen ESAAT i Roubaix i Nord-Frankrike.

<https://www.hivolda.no/nyhende/internasjonale-studentar-ved-hvo-bak-norsk-animert-musikkvideo>

### **DÅRLEGE NYHENDE (1): 25 PROSENT AV EKSAMENSRESULTATA VART FORSINKA**

Statistikken frå eksamensarbeidet hausten 2018 syner at ca 1/4 av eksamensresultata vart forsinka i høve til fristen på tre veker frå eksamen til sensur ligg føre. Av ca 7.500 karakterar var det nesten 2.000 som vart forsinka. Av dei forsinka karakterane var dei fleste mindre enn ei veke forsinka, men ca 700 karakterar var meir enn ei veke forsinka. Dette er for mange og vil vere noko høgskulen må arbeide for å betre.

### **DÅRLEGE NYHENDE (2): VOLDA PÅ BOTN I PUBLISERING**

Det nasjonale oversynet over forskingspublisering (Cristin) har nett vorte lagt fram for 2018, og tala syner diverre at Høgskulen i Volda no ligg på nasjonalt botnnivå i forskingspublisering blant dei statlege universiteta og høgskulane. Vi har ein klar tilbakegang frå 2017 til 2018 og den nasjonale trenden er at publiseringa samla sett aukar.

<https://khrono.no/cristin-nvi-publisering/norske-forskere-publiserer-mer/273035>

### **FORSKINGSPROSJEKT: TESTING AV MAT LAGA AV MIKROALGAR**

Høgskulen i Volda er partner med blant anna forskingsinstituttet NIBIO i prosjektet «Algar for framtida». Volda har ansvaret for arbeidspakken formidling og samarbeid i prosjektet.

<https://www.nibio.no/prosjekter/algae-to-future-a2f/arbeidspakker>

Som ein del av prosjektet vart mat laga blant anna av mikroalgar testa på eit arrangement på Bjørke, og testinga fekk brei medieomtale:

Nærsynet/Nærnett (video):

<http://www.nernett.no/artikler/naersynet/frister-alger-pa-menyen>

Sunnmørsposten:

<https://www.smp.no/nyheter/2019/04/01/No-skal-mikroalgar-verte-mat-18779219.ece>

Nationen:

<https://www.nationen.no/article/mikroalgemat-skal-testast-pa-sunmore/>

Sjå også tidlegare omtale på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)

<https://www.hivolda.no/forskning-og-utvikling/over-50-studentar-med-stort-forskningsprosjekt>

### **STRATEGISK STUDIENEMND (SSN): NYE RETNINGSLINER FOR OPPTAK, STUDIUM OG EKSAMEN**

Strategisk studienemnd har neste møte 10. april og på dagsorden står blant anna revisjon av dei fleste retningslinjer for opptak, studium og eksamen som har vore ute på høyring tidlegare i år.

Sakspapira til Strategisk studienemnd er

her: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/291017>

### **NYE BILAR TIL MEDIESTUDENTANE**

Avdeling for mediefag har kjøpt tre nye bilar til bruk for mediestudentane i redaksjonell praksis og medieproduksjon. Det har vorte kjøpt inn tre brukte VW-bilar av litt ulik storleik. Bilane er levert av Berge Ørsta etter ein tilbuds konkurranse.

### **PÅMINNING: FOU-PRIS FOR 2019: KOM MED FRAMLEGG INNAN 15. APRIL**

Alle tilsette har vorte inviterte til å foreslå kandidatar til Høgskulen i Voldas FoU-pris for 2019. Frist for å kome med framlegg er 15. april 2019. Namn og grunngjeving på kandidat til prisen vert sendt til: [forskningsadministrasjonen@hivolda.no](mailto:forskningsadministrasjonen@hivolda.no). Både einskildpersonar og fagmiljø kan få prisen. Prisen er på kr. 30.000 til einskildperson og kr. 50.000 til fagmiljø. Prisen vil bli delt ut under Forskningsdagane i september 2019. Her er meir informasjon om FoU-prisen for Høgskulen i Volda, inkludert tidlegare prisvinnarar: <https://www.hivolda.no/forskning/fou-pris>

### **STUDENTIDRETT: VSI MØTER KFUM VOLDA I VOLLEYBALL**

Volda Studentidrettslag (VSI) og KFUM Volda knivar om seriemeisterskapen i 2. divisjon volleyball for menn. Begge laga har 34 poeng, men KFUM har vunne eitt sett meir. Til helga møtast dei to voldalaga, og for vinnaren kan det bety opprykk.

<https://www.hivolda.no/nyhende/studentane-hapar-knuse-dei-lokale>

### **PÅSKEKRIM PÅ BIBLIOTEKET**

Kva tenkjer eigentleg ein bibliotekar? Dei tilsette på biblioteket har laga ein videoserie med påskekrim. Du finn den på Facebook:

<https://www.facebook.com/hivoldabiblioteket/videos/2436688939892936/>

---

### **MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019**

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre

Sunnmøre: <http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

3.-4.4.2019: Solstrandseminaret, UH Nett Vest. <http://uhnettvest.no/>

10.-12.4.2019: ITS Volda (internasjonal studentkonferanse om lærarutdanning) <https://www.hivolda.no/its-volda>

23.-24.4.2019: Avdelingsseminar AMF

2.5.2019: Styremøte nr 2/2019

6.5.2019: Næringsutvalet i Møre og Romsdal fylke, møte på HVO.

10.5.2019: Disputas, Menighetsfakultetet, Hildegunn Valen Kleive

17.5.2019: Symfoniorkesteret: Nasjonal festkonsert. <https://www.hivolda.no/nasjonaldagskonsert-17-mai>

24.5.2019: Markering av at Yksnøya har vore friluftsbase i 40-år, Yksnøya

7.6.2019: Sunnmøre regionråd held representantskapsmøte på Høgskulen i Volda

13.6.2019: Styremøte nr 3/2019

17.-20.6.2019: The Volda Symposium 2019: Forskingskonferanse om journalistikk. <https://www.hivolda.no/volda-symposium-2019>

19.-20.6.2019: Fjordkonferansen 2019. Tema: Digitalisering [www.fjordkonferansen.no](http://www.fjordkonferansen.no)

20.6.2019: Sommaravslutning med 50-års markering for oppretting av DH (1969) - 25 års markering for HVO (1994) - byggestart for Sivert (Mediehuset)

17.-18.6.2019: AKF Avdelingsseminar

20.8.2019: Semesterstart 2019-2020

25.-26.9.2019: Karrieredagane for Søre Sunnmøre

18.-29.9.2019: Forskingsdagane 2019. Tema: Miljø.

31.10.-1.11.2019: Barnehagekonferansen

### **HVO I MEDIA**

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:

[https://www.tintup.com/t/customer\\_2082469\\_hogskolenivolda](https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda)

### **LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA**

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

### **REKTORBLOGGEN**

28.3.2019: Mellombels tilsette - er Volda ein versting?

1.4.2019: Nytt studium: Nettganning [Aprilspøk]

1.4.2019: Internasjonal studentutveksling: Vi treng fleksibilitet

2.4.2019: Likestilling og mangfald: Status for Høgskulen i Volda

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

### **HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.**

Facebook:<https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram:<https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube:<https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen:<https://blogg.hivolda.no/jr>

Nynorsksenterets blogg:<https://www.nynorsksenteret.no/blogg>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i

solcelleanlegget:<http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Bygging av nye studentheimar på Heltne - minutt-for-minutt-

oppdatering:<https://www.sivolda.no/aktuelt/folg-utbygginga-pa-heltne-ii-minutt-for-minutt-article810-926.html>

Med venleg helsing

**Johann Roppen**

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 70 07 50 00

[www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)

